




DEN NORSKE KYRKJA
Prosten i Hallingdal



Det Kongelige
Kultur- og kirkedepartement
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

NOU 2006: 2 Staten og Den norske kirke – Høring

Høringsuttale frå prosten i Hallingdal:

Statens religionspolitikk og kyrkjeordning

Staten bør føre ein aktiv og støttande religionspolitikk, der lik handsaming av alle trus- og livssynssamfunn bør vere eit grunnleggjande prinsipp. Religionen har ei viktig rolle i folks liv. Den norske kyrkja, saman med alle trus- og livssynssamfunn, har rett til trusfridom og sjølstyre, slik at den kan forme sin profil, stå ansvarleg for liv og lære, og vere ein kristisk samtalepartner i samfunnet.

Den norske kyrkja bør vere forankra i ei eiga kyrkjelov, vedteken av Stortinget. Denne lova skal sikre Den norske kyrkja sitt sjølstende som trussamfunn, og at den kan halde fram som ei landsdekkjande folkekyrkje i landet vårt. Ei følgje av ei slik kyrkjelov må vere at kyrkja sine eigne organ utnemner biskopane og prostane.

Vi trur det er ei nødvendig utvikling at kyrkja sine bånd til Staten vert lausare. For samfunnet vårt er blitt meir kulturelt og religiøst mangfaldig. Dette inneber ikkje eit skilje mellom stat og kyrkje, men at relasjonen mellom stat og kyrkje vert endra. Vi ønskjer at Den norske kyrkja si særstilling skal halde fram. Den har ein lang historie i landet vårt og har slått djupe røter. Folk har kome til kyrkja ved kyrkjelege handlingar og høgtider og hatt eit forhold til denne kyrkja. I Hallingdal merker vi kor sterke desse banda er, gjennom stor prosentvis oppslutning.

Det er viktig at kontinuiteten mellom gamal og ny tid held fram gjennom ei lovforankra folkekyrkje, at Den norske kyrkja kan halde fram som ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open kyrkje, og at folkekyrkja kan romme ulike menneske med ulik grad av tru.

Den norske kyrkja ønskjer framleis å vere ein viktig kultur-og verdiberar og vere til stades i det offentlege rom.

Finansiering

Som ei lovforankra folkekyrkje bør det vere ei offentleg finansiering. Med ei offentleg finansiering viser Staten at det religiøse behovet blir verdsett, og at Staten sikrar ei landsdekkjande kyrkje. Medlemsavgift bryt med det viktige prinsippet at dåpen er det einaste kriteriet for medlemsskap. Den lokale kyrkja må kunne finne andre måtar å skaffe seg midlar på enn gjennom medlemsavgift. Ei offentleg finansiering av ei lovforankra folkekyrkje må også få dei følgjer at øvrige trus- og

livssynssamfunn får ein fast økonomisk stønad frå staten utan at Staten set vilkår som hindrar sjølvstende.

Opplysningsvesenets fond må tilhøre Den norske kyrkja.

Valordning

Valordningane bør vere som i dag, inntil kyrkjemøte har utreda andre ordningar som kan fungere meir demokratisk og ope enn dei vi har i dag. Særleg er det viktig å gjennomtenke valet til kyrkjemøte, som vil bli eit endå viktigare forum dersom det blir endringar i relasjonen stat-kyrkje.

Verdigrunnlag

Vi bør få ein eigen verdiparagraf som understreker prinsippet om religionsfridom og at samfunnet skal byggje på dei kristne og humanistiske verdiane. Vi sluttar oss til Gjønnnes-utvalet sitt forslag: "Alle Indvaanere av Riket have fri Religionsutøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Værdigrunnlag."

Gravferdsforvaltning


Kommunen bør i prinsippet ha ansvaret for gravferdsforvaltninga, men kan delegere dette ansvaret til kyrkjeleg felleusråd, som har den nødvendige kompetansen på område. Kyrkja har lang og god erfaring med å møte dei sørgjande og handsame dei døde på ein verdig måte. Men vi lever i eit pluralistisk samfunn med mange minoritetsgrupper. Det må difor leggjast til rette for at andre kan kome inn for dei som ikkje ønskjer tenester frå kyrkja.

Kyrkjebygningar

Soknet bør framleis eige kyrkjebygningane og kommunen ha det økonomiske ansvaret. Men det må vere ei viktig målsetjing å styrkje det kommunale ansvaret og sikre at kyrkjer og kyrkjegardar blir prioriterte.

Ål 7.november 2006


Øystein Magelssen
prost


Arne Lie
prest/rådgjevar

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: prosten i Hallingdal

Type høringsinstans

- ☐ Kommune
- ☐ Menighetsråd/kirkelig fellelsråd/bispedømmeråd
- ☒ Prost/biskop
- ☐ Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- ☐ Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- ☐ Annen offentlig instans
- ☐ Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Staten bør føre ein aktiv og støttande religionspolitikk, der lik handsaming av alle trus- og livssynssamfunn bør vere eit grunnleggjande prinsipp.

Alle trus- og livssynssamfunn, medrekna Den norsk kyrkje, har rett til trusfridom og sjølstyre, slik at den kan forme sin profil og stå ansvarleg for liv og lære

2. Den norske kirke som statskirke:

- ☐ Bør fortsette
- ☒ Bør avvikles - i høve til den ordninga vi har i dag, sjå høyringsuttale
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- ☐ Grunnloven
- ☒ Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- ☐ Lov om trossamfunn
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- ☐ Gjennom medlemsavgift
- ☐ Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- ☐ Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- ☒ Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- ☒ Valgordningene bør være som i dag
- ☐ Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer

☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:
SJÅ HØYRINGSUTTALE!

6. Dersom statskirkeordningen avvikes, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- ☐ Ingen tillegg
- ☐ De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- ☒ Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- ☐ Det humanistiske verdigrunnlaget
- ☐ At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:
SJÅ HØYRINGSUTTALE!

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- ☐ Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- ☒ Kommunen
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- ☐ Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- ☒ Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- ☐ Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare